

Alkoholpolitisk plan/retningslinjer Sykkylven kommune 2024-2028

FORVALTNING OG HANDHEVING AV ALKOHOLLOVA
VEDTATT KST 14.10.2024 I SAK 79/24

Innhald

1. Innleiing	2
2. Målsetting.....	2
Sykkylven kommune sine alkoholpolitiske hovudmål og delmål 2024-2028	2
3. Lovverk	3
Alkohollova § 1-1 Lovas formål	3
Alkohollova § 1-7d Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan	3
Folkehelselova § 4	3
4. Ansvar og delegering	4
5. Dagens situasjon.....	4
6. Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve	5
Generelt.....	5
Sals- og skjenkeløyve.....	7
1. Faste sals- og skjenkeløyve.....	7
Tildeling av fast sals- og skjenkeløyve	7
Salsløyve for alkoholhaldig drikk 1	8
Alminnelege skjenkeløyve	8
2. Skjenkeløyve for enkelthøve	8
Tildeling av løyve til enkelthøve	8
3. Ambulerande løyve	9
Tildeling av ambulerande løyve.....	9
7. Kontroll, gebyr, og reaksjonar	9
Kontroll med alkoholomsetting.....	9
Opningstid	10
Skjenketid	10
Andre bestemmelsar	10
Gebyr for sal og skjenking	11
Reaksjonar ved brot på alkohollova	11

1. Innleiing

Alkoholova § 1-1. Lovens formål.

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

Alkoholova set rammer for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Innanfor rammene har kommunen eit betydeleg ansvar og ei stor friheit til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk. Norsk alkoholpolitikk er slik i stor grad avhengig av kva politikk kommunane fører.

Kommunen har etter alkoholova § 1-7d ei plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk plan/retningsline og skal vedtakast av kommunestyret i starten av kvar valperiode. Planen skal innehalde alkoholpolitiske hovudmål og delmål som kommunen legg til grunn for sin politikk, og verkemiddel kommunen vil ta i bruk for å nå måla.

Innan alkoholpolitikken vil det ofte vere fleire legitime og til dels kryssande interesser. Dette gjeld omsyn til sosiale- og helsepolitiske omsyn, næringspolitiske omsyn og omsyn til at alkohol er ei lovleg handelsvare og skal vere tilgjengeleg. Gjennom alkoholpolitikk skal ein på den eine sida finne balanse mellom ansvar og valfridom til enkeltindivid og grupper, og på den andre sida behovet fellesskapen har for å førebygge og fremme folkehelse.

2. Målsetting

Sykkylven kommune sine alkoholpolitiske hovudmål og delmål 2024-2028

Hovudmål

- Forhindre samfunnsmessige og individuelle skader som bruk av alkohol kan føre til

Delmål

- Kommunen skal aktivt bidra i det førebyggjande arbeidet
- Gi innbyggjarane i Sykkylven eit kontrollert tilgjenge på lovlege alkoholhaldige varer innanfor gjeldande lover og reglar

Det nasjonale målet

- Avgrense alkoholforbruket i befolkninga og auke kunnskapen til den enkelte om samanhengen mellom alkohol og helse

FNs berekraftsmål 3

- Har som mål å sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder.
- Delmål 3.5 - Styrke førebygging og behandling av misbruk, mellom anna av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.



3. Lovverk

Alkohollova § 1-1 Lovas formål

Regulering av innførsel og omsetnad av alkoholhaldig drikk etter denne lova har som mål å avgrense i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skadane som bruk av alkohol kan føre til. Som eit ledd i dette siktar lova på å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.

Alkohollova sitt utgangspunkt er altså at all bruk av alkohol kan føre til skade både samfunnsmessig og individuelt, og at auka forbruk gir auka skadeverknadar. Lova sitt formål er å sikre at skadeverknadar av forbruk av alkohol blir så små som mogleg gjennom lova sine andre bestemmelsar der ein finn dei konkrete verkemidla.

Alkohollova § 1-7d Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan

Kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrift om innhald i kommunal alkoholpolitisk handlingsplan. Retningslinjene er ei rullering av gjeldande «Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020». Planen har endra namn frå Rusmiddelpolitisk handlingsplan til Alkoholpolitiske retningslinjer då dette dokumentet berre handlar om alkoholpolitikken og løyvepolitikken.

Kommunen har altså ei plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lova gir ingen direkte informasjon til kva ein slik plan skal innehalde, men det vert anbefalt i rundskriv at hovudmål- og delmål for kommunen sin alkoholpolitikk og verkemiddel for å kunne nå måla er skildra i planen. Vidare kva tiltak kommunen vil gjere for å nå den landsomfattande målsettinga om å redusere alkoholforbruket.

Folkehelselova § 4

Kommunen skal fremme befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ verknad på helsa.

Kommunen skal fremme folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel kommunen er tillagt, som ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretatt av andre myndigheiter og verksemdar. Medverknad skal skje mellom anna gjennom råd, uttale, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Kommunen har med andre ord ei plikt til å beskytte innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ verknad på helsa og fremme folkehelse gjennom dei tiltak dei gjennomfører. Folkehelseperspektivet er difor ein viktig faktor som må leggest til grunn for kommunen sin alkoholpolitikk.

4. Ansvar og delegering

- Alkoholpolitisk retningslinjer vert godkjent av Kommunestyret.
- Kommunestyret delegerer til kommunedirektøren mynde til å avgjere saker om sal- og skjenkebevilling, jf. Kommunen sitt delegeringsreglement.
- Kommunestyret delegerer til kommunedirektøren mynde til å avgjere saker om prikktildeling og drage inn ved brot på alkohollova og alkoholforskrifta, vilkår i skjenkeløyve og på kommunen sine sals- og skjenketider.
- Kommunedirektør skal jamleg rapportere til Levekårsutvalet om brot på alkohollova som fører til tildeling av prikkar eller inndraging av løyve.
- Klage på vedtak etter alkohollova handterast i Formannskapet. Saka sendast over til Statsforvaltaren som klageinstans om vedtaket blir oppretthalde i Formannskapet.

5. Dagens situasjon

Vi har all grunn til å tru at bruken av alkohol og alkoholpolitikken i Sykkylven har eit omfang som svarar til situasjonen i dei fleste norske kommunar. Det er enkel tilgang til legale rusmidlar på skjenkestadar, daglegvarebutikkar og vinmonopol.

FHI har i rapporten Alkohol i Norge 2023 samanfatta funn frå befolkningsundersøking og andre statistiske tal. [Alkohol i Norge](#)

Hovudfunna er:

- *Åtte av ti har drukket alkohol siste år og halvparten har drukket 6 eller flere alkoholenheter ved samme anledning.*
- *Disse målene har vært stabile i perioden 2012-2023.*
- *Selvrapportert alkoholbruk gikk noe ned under pandemien, men er nå på samme nivå som i 2019.*
- *Menn drikker mer, oftere og mer risikofylt enn kvinner.*
- *Eldre drikker oftere enn yngre, men de har et mindre risikofylt drikkemønster.*
- *Høyt utdanningsnivå og høy inntekt er forbundet med høyere drikkefrekvens, men lavere omfang av risikofylt drikking.*
- *Tre av fire drikker kun i helgene.*

Ungdomsundersøkinga Ungdata vart gjennomført for elevane på vidaregåande skule i 2022 i Sykkylven, svarprosent 73. Ungdata er eit standardisert system med spørjeskjema på nett utarbeida av NOVA. Spørsmåla omhandlar skule, fritidsaktivitetar, familie, vener, helse og rusbruk.

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Sjølv om vi har sett ein nedgang i alkoholbruken til ungdommen sidan tusenårsskifte, er det framleis mange unge som drikk, særleg mot slutten av tenåra. Ungdata viser stor variasjon i kor gamle ungdommar er når dei byrjar å drikke alkohol. På slutten av ungdomsskulen har om lag ein av fire opplevd å ha vore rusa, og dei fleste debuterer på vidaregåande. Å debutere med alkohol tidleg aukar sjansane for skader eller andre negative opplevingar i ungdomstida og for eit problematisk forhold til rusmiddel seinare i livet.

Omsetting av alkoholhaldig drikk

SAL:	Omsetting i 2022 (vareliter)	Omsetting i 2023 (vareliter)
Spar Sykkylven (Elias Vinje)	49062,72	48808,16
Extra Sykkylven	84372,48	76119,28
Nærbutikken Velledalen	9448,84	10100
Bunnpris Straumgjerde	35260,09	29219,40
O.A.J. Løseth eft.	2340	2523
Kiwi Sykkylven	93330	87484
Hundeidvik mathus	7603,42	2454,50
Bunnpris Ikornnes	38605,99	41789,26
Totalt:	320023,54	298299,60
Lokalbrygg AS	350	ikkje meldt inn
	320373,54	298299,60

Skjenking 2022/2023	Gruppe 1 (øl, cider)	Grupper 2 (vin)	Gruppe 3 (br.vin)
Aursnes hotell	86,40/35,30	10,00/14,50	0/0
Bellami AS	2196,55/2389,22	308,25/260,25	76,62/58,1
Berit Ekornes – Blakstad gard	225/ikkje meldt inn	17,25/	4,25/
Promenaden mat og vinhus	2505.6/962,9	131,9/93,7	47,3/40,2
Raus restaurant	2589/3408	530/634	152/175
Highfive event	1801/avvikla	76/	130/
Brennevinsgrova AS	40/6	0/1	23/5,5
DIS Kaffebær AS	0/50,15	0/31,06	0/0
Totalt	9443,55/6851,57	1073,40/1034,51	433,17/278,80

6. Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve

Generelt

Etter alkohollova er kommunen si oppgåve i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til. Som eit ledd i dette vil ein prøve å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.

- Til personar over 20 år som ein reknar med ikkje vil misbruke løyvet, kan det bli gitt rett til sal av øl eller skjenking av øl og vin og ev. brennevin.
- Løyvet kan bli gitt anten som fast løyve for ein gitt tidsperiode, som løyve for eit enkelt høve eller som ambulerande løyve for slutta lag.
- Løyvehavar pliktar å by fram eit rimeleg utval av alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer.
- Løyvehavar pliktar å syte for at skjenkinga går føre seg i samsvar med gjeldande lover og regelverk og dei vilkår som kommunen har sett ved tildeling av løyvet.
- Brot på vilkåra for skjenkeløyve fører til inndraging av løyvet, permanent eller for ein periode etter nærare retningslinjer.
- Alle avgjersler skal kunne heimlast i alkohollova.
- Vedtak kan i følge alkohollova klagast til Statsforvaltaren innan 3 veker etter mottak av vedtaket. Eventuell klage skal sendast til: Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven.

Grunnlaget for kommunen sin alkohol/skjenke politikk

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta
- Forskrift om sal- og skjenketider for alkoholhaldig drikk
- Forskrift om opningstider og serveringsstader
- Alkoholpolitiske retningslinjer

Definisjonar

- Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

Aldersgrenser

Alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 har aldersgrense 18 år.

Alkoholhaldig drikke gruppe 3 har aldersgrense 20 år.

Aldersgrensene gjeld for gjestar, kundar og betening.

Bevillingsperiode

Kommunen kan regulere lengda på løyve gjennom alkohollova

§ 1-6.Bevillingsperioden.

Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer.

Kommunal bevilling til salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning.

Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde videre for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. [§ 1-7a](#). Istedenfor krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning som ved behandling av ny bevilling, jf. [§§ 3-2](#) og [4-3](#).

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.

Statlige skjenkebevillinger gis inntil videre.

Statlige tilvirkningsbevillinger gis inntil videre, men kan dersom særlige forhold tilsier det gis for en bestemt periode.

Dersom spørsmålet om fornyelse av gitt bevilling ikke er endelig avgjort innen bevillingsperiodens utløp, er bevillingen fortsatt gyldig inntil utgangen av den måned hvor endelig vedtak om ny bevilling er truffet, likevel ikke utover 3 måneder fra begynnelsen av den nye bevillingsperioden.

Sals- og skjenkeløyve

1. Faste sals- og skjenkeløyve

Med heimel i alkohollova § 1-7 tildeler kommunestyret sals- og skjenkeløyve innanfor dei rammer som dei til ei kvar tid finn forsvarleg, med omsyn til å avgrense samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til.

Det skal gjennomførast kontroll med alkoholomsetninga som er minst så omfattande som lova krev. Brot på vilkåra for skjenking skal føre til reaksjonar overfor løyvehavar, og sanksjonane skal vere så strenge som alkohollova gir høve til. Ved lovbrøt skal kommunen tildele løyvehavar eit bestemt tal prikkar, jf. kap. 10 i alkoholforskrifta. Eit av verkemidla i alkohollova er å nytte vilkår i tildeling av løyve.

Sykkylven kommune oppmodar i samband med tildeling av sals- eller skjenkeløyve at bransjen deltar på kurs i Ansvarleg vertskap eller Ansvarleg sal når dei blir tilbode dette.

Tildeling av fast sals- og skjenkeløyve

- Søknader om fast sals- eller skjenkeløyve skal sendast til Sykkylven kommune, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven. Søknaden skal fremjast på eige søknadsskjema.
- Søknader blir avgjort av kommunestyret, med uttale frå politi, sosialteneste og Levekårsutval. Nærare vilkår blir fastsett i kvart høve med grunnlag i reglane i alkohollovgevinga.
- Løyve til skjenking av brennevin kan gjevast til verksemder med eigna lokale etter vurdering av kvar einskild søknad.
- Det er ein føresetnad at skjenkestaden er innvilga serveringsløyve og har godkjenning frå Mattilsynet.
- Det vert lagt vekt på målgruppe, trafikk- og ordensmessige omsyn og lokalmiljøet elles.
- Det vert lagt vekt på karakter/eigenskapar ved skjenkestaden med omsyn til standard, miljø og særpreg.
- Godkjent vedtak på uteareal etter plan og bygningslova.
- Det vert ikkje gitt skjenkeløyve til verksemder som har ungdom under 18 år som målgruppe.
- Søkjar må kunne dokumentere godt vakthald og sosial kontroll med all skjenking i lokalet og rutinar for handheving av fastsette aldersgrenser.
- Løyve blir gitt for ein periode på inntil 4. år. Jamfør endringar i alkohollova § 1-6 kan kommunen etter eit kommuneval avgjere at alle eller enkelte løyve kan førast vidare i inntil 4 nye år, utan krav om søknad om nytt løyve.
- Styrar og sted fortredar skal delta på kurs «Ansvarleg sal». Dokumentasjon på deltaking og opplæringsplan for andre tilsette skal føreligge ved internkontroll.
- Dokumentasjon på bestått E-læring av tilsette.
- Søkjarar og innehavarar av faste sals- og skjenkeløyve skal gjennomføre kunnskapsprøve om alkohollova, jf. § 1-7c.
- I verksemder med ubetente kasser skal det utførast fysisk kontroll av alder og rus.
- Det skal betalast løyveavgift for kvart år på grunnlag av forventa omsetning av alkoholhaldig drikk. Oppgåve over forventa omsetning komande år og faktisk omsetning føregåande år skal leverast etter fastsett frist.

Salsløyve for alkoholhaldig drikk 1

- Alle stadar som skal selje alkoholhaldig drikk må ha løyve frå kommunen.
- Sal gjennom daglegvarehandel
- Sal frå privat ølutsal eller kommunalt ølutsal
- Sal gjennom vinmonopolutsal

Alle daglegvarebutikkane i Sykkylven har i dag løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, totalt 6 + ei verksemd med netthandel. Kommunen praktiserer maksbestemmelsane i lova når det gjeld salstid, det vil seie fram til kl 20 på kvardagar og kl 18 på dagar før søndag- og heilagdagar unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Alminnelege skjenkeløyve

Følgande verksemder har hatt skjenkeløyve den siste kommunestyreperioden:

Skjenkestad	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Ute servering
Bella Mi	x	x	x	x
Promenaden	x	x	x	x
Aursnes hotell	x	x	x	
Fjellseterstova	x	x	x	x
DIS kaffebar	x	x		
Raus restaurant	x	x	x	x
Blakstad gard	x	x	x	
Brennevinsgrova*	x	x	x	

*Brennevinsgrova har skjenkeløyve ved omvising og smaksprøver.

Skjenkestadane har heilårsdrift, og alle skjenkeløyva er kombinert med matsservering. Det har dei siste åra ikkje vore innført maksimumstal på skjenkeløyve i kommunen.

2. Skjenkeløyve for enkelthøve

Kommunen kan etter alkohollova § 1-6 gi skjenkeløyve for eit enkelt bestemt høve, og som ikkje er knytt til ein skjenkestad. Skjenkestaden skal vere godkjent av bygningsmyndigheitene og av Mattilsynet. Løyvet er tenkt nytta til opne arrangement og skal knytast til ei bestemt hending. Tildeling av skjenkeløyve for enkelthøve er delegert til kommunedirektøren, og vert gjort med grunnlag i uttale frå politi og sosialtenesta. Talet på søknader om skjenkeløyve for enkelthøve per år har vore ca. 20 dei siste åra.

Tildeling av løyve til enkelthøve

- Skjenkeløyve for eit enkelt høve gjeld for eit bestemt arrangement (jf. § 1-6 i alkohollova).
- Det er elektronisk søknadsskjema på heimesida til Sykkylven kommune.
- Alkohollova med føresegnar er gjeldande.
- Skjenkeløyve for enkelthøve skal utferdast til ein bestemt person, og denne er ansvarleg for handheving av føresegnene.
- Søknader skal innehalde opplysningar om løyvehavar, kvar arrangementet skal vere og kva føremål arrangementet har. Søknader må ligge føre seinast 14 dagar før arrangementet.
- Det vert ikkje gitt løyve for enkelthøve til arrangement som er ope for personar under 18 år.
- Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2. Løyvehavar pliktar å by fram eit rimeleg utval av alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer.

- Løyvet er tidsavgrensa og gjeld frå kl. 12 ein dag til kl. 01:00 (02:00) neste dag. Ved særskilte høve eller arrangement kan løyvet gjelde i utvida tidsrom.
- Avgjerdslemynde i søknadssaker er lagt til kommunedirektøren. Løyvet vert administrert av kommunedirektøren som handsamar søknader. Kommunedirektøren innhentar uttale frå sosialtenesta og vandelsvurdering frå politiet, og sender melding om innvilga løyve til kommunen sitt kontrollorgan.
- Ved misleghald av løyvet kan søkjar ikkje få nytt løyve før det er gått 1 år.
- Det skal betalast løyveavgift på same måte som for faste skjenkeløyve, utrekna etter omsetning. Forskriftene til alkohollova § 6-2 regulerer til ei kvar tid storleiken på gebyret. Gebyr skal vere innbetalt på førehand før løyvet kan vere gyldig.

3. Ambulerande løyve

Skal skjenking i slutta lag skje mot vederlag, må det søkjast om ambulerande skjenkeløyve. Tildeling av ambulerande løyve er delegert til kommunedirektøren. Løyvet er tidsavgrensa.

Tildeling av ambulerande løyve

- Sykkylven kommune har oppretta to ambulerande skjenkeløyve (K-sak PS 42/93).
- Det ambulerande løyvet gjeld for eit einskild høve og ved lukka selskap (jf. alkohollova § 4-5). Løyvet blir gitt til ein person som er ansvarleg for løyvet.
- Det er elektronisk søknadsskjema på heimesida til Sykkylven kommune. Søknader må ligge føre seinast 7 dagar før arrangementet.
- Løyvehavar pliktar å by fram eit rimeleg utval av alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer.
- Løyvet er tidsavgrensa og gjeld frå ein dag kl. 12:00 til neste dag kl. 01:00 (02:00). Alkohollova med føresegnar gjeld for løyvet.
- Avgjerdslemynde i søknadssaker er lagt til kommunedirektøren. Kommunedirektøren innhentar uttale frå sosialtenesta og vandelsvurdering frå politiet dersom han finn det naudsynt. Kommunedirektøren sender melding om innvilga løyve til kommunen sitt kontrollorgan.
- Ansvar for kontroll av skjenkinga ligg til kommunen sitt kontrollorgan. I samsvar med retningslinene vert kontroll utført utan nærare varsel. Ved misleghald av løyvet kan søkjaren ikkje få nytt løyve før det er gått 1 år.
- I medhald av gjeldande forskrift etter alkohollova krev gebyr. Forskriftene til alkohollova regulerer til ei kvar tid storleiken på gebyret. Gebyr skal vere innbetalt før løyvet kan vere gyldig.

7. Kontroll, gebyr, og reaksjonar

Kontroll med alkoholomsetting

Levekårsutvalet er kontrollutval for alkoholomsetninga i kommunen. Kontrollen skal omfatte alle sals- og skjenkeløyve gitt av kommunen, både vanlege sals- og skjenkeløyve, løyve for enkelthøve og ambulerande løyve. Kontroll med ulovleg sal og skjenking ligg under politiet sitt ansvarsområde.

- Føre tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet og ev. andre kommunale retningslinjer.
- Kontroll skal utførast minimum 3 gongar pr. år, og skal i hovudsak omfatte: - sals- og skjenketider - aldersgrense for sal og skjenking - sal eller skjenking til tydeleg rusa personar
- Rettleie løyvehavarane om føresegnene i alkohollova og evt. lokale forskrifter.

- Legge grunnlag for sanksjonar.

Utvøying av skjenkekontroll skal skje ved tilsette eller engasjerte kontrollørar. Sykkylven kommune har gjennom innkjøpssamarbeidet avtale med Securitas AS om utføring av skjenkekontroll.

Lov om serveringsverksemd

§ 15. Åpningstider

Kommunen kan i forskrift fastsette åpningstider for de serveringsstedene som ligger i kommunen.

Kommunen kan, når særlige grunner foreligger, gjøre unntak fra gjeldende åpningstidsbestemmelser for det enkelte serveringssted.

Vedtak om å innskrenke åpningstidene fastsatt etter kommunale forskrifter kan tidligst tre i kraft tre måneder etter at vedtaket er truffet.

Kommunen kan ved enkeltstående anledninger gi tillatelse til å lukke senere eller åpne tidligere enn til de tider som er fastsatt etter første eller andre ledd. Når en innehaver av skjenkebevilling får innvilget søknad om utvidet skjenketid ved enkeltanledninger etter [alkoholovens § 4-4](#), innebærer dette samtidig at åpningstiden er utvidet tilsvarende.

Åpningstider fastsatt etter første, andre eller fjerde ledd gjelder ikke servering ved overnattingssteder til overnattingsgjester.

Lokal forskrift om opnings- og skjenketider, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal

Forskrifta er vedteken av Sykkylven kommunestyre i sak 49/98, og seinare endra av Sykkylven kommunestyre i sak 7/07. Ny handsaming i k-sak 85/08 og 39/12 (utan endring).

Opningstid

- Innandørs serveringsstad kan halde ope til kl. 01:30 måndag–fredag og søndag.
- Innandørs serveringsstad kan halde ope til kl. 02:30 laurdag (natt til søndag).
- Utandørs serveringsstad kan halde ope til kl. 01:00 måndag–fredag og søndag. Utandørs serveringsstad kan halde ope til kl. 02:00 laurdag (natt til søndag).
- Serveringsstad utan skjenkeløyve kan ha same opningstid som skjenkestadane.

Skjenketid

- Skjenking av øl og vin kan skje frå måndag–fredag og søndag til kl. 01:00. Skjenking av øl og vin kan skje laurdag til kl. 02:00 (natt til søndag).
- Utandørs skjenking av øl og vin kan skje til kl. 01:00 måndag–fredag og søndag. Utandørs skjenking av øl og vin kan skje til kl. 02:00 laurdag (natt til søndag).
- Skjenking av brennevin kan skje frå måndag – fredag og søndag frå kl. 13:00 til kl. 01:00. Skjenking av brennevin kan skje laurdag frå kl. 13:00 til kl. 02:00.
- For utandørs skjenking av brennevin kan kommunestyret fastsetje avvikande skjenketider.

Andre bestemmelsar

- Kommunestyret kan fastsetje redusert opningstid og skjenketid for den einskilde serveringsstad.
- Formannskapet kan gi dispensasjon frå reglane etter særskild søknad når det ligg føre særlege grunnar.

Gebyr for sal og skjenking

Det skal betalast gebyr for sals- og skjenkeløyve fastsett i forskrift til alkohollova. Gebyret skal først og fremst gi ei viss dekking av kommunen sine utgifter til kontroll og saksbehandling. Storleiken på gebyret vert rekna etter fastsette satsar og etter forventa omsetning.

Satsar for alminnelege sals- og skjenkeløyve

Alkoholforskriften § 6-2

Gebyr

Alkoholforskrifta har minimums gebyr på sal og skjenking, og også for skjenking for enkelthøve og ambulerande løyve. Gebyret skal vere betalt før løyvet kan nyttast. Endeleg avgift vert rekna ut etter innrapportert omsetning.

Manglande innbetaling av gebyr eller oppgåve over omsetning er å sjå som brot på alkohollova § 7-1, og vil i medhald av § 1-8 kunne medføre inndraging av løyvet.

Reaksjonar ved brot på alkohollova

§ 1-8 i alkohollova gir høve til å inndra sals- eller skjenkeløyve for eit gitt tidsrom eller for resten av løyveperioden. Det er hovudsakleg brot på alkohollova som gir grunnlag for inndraging av kommunale løyver. Dette er ikkje berre knytt til sal og skjenking, men også andre brot på alkohollova som reklameforbod, manglande innlevering av omsetningsoppgåver og innbetaling av gebyr, skattar og avgifter. Det same gjeld også for narkotikaomsetnad på skjenkestaden. Inndraging av sals- eller skjenkeløyve er eit drastisk tiltak med ekstra strenge krav til kommunen sin sakshandsaming og utøving av skjønn.

Prikktildelingssystem

Frå 2016 er det innført prikktildeling der det ved kontroll blir avdekka at løyvehavar ikkje har oppfylt sine plikter etter lovverket.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Helsedirektoratets merknader til alkohollova presiserer at dersom det er meir enn tolv prikkar som ligg til grunn, skal inndragingslengda «aukast tilsvarande». 12 ekstra prikkar skal dermed føre til at inndragingslengda blir auka med ei veke. Dersom løyvestaden får fleire enn 12 prikkar, skal kommunen utmåle lengda av inndraginga etter følgjande skjema:

- 1 prikk = 1 dags inndraging
- 2-3 prikkar = 2 dagars inndraging
- 4-5 prikkar = 3 dagars inndraging
- 6-7 prikkar = 4 dagars inndraging
- 8-9 prikkar = 5 dagars inndraging
- 10-11 prikkar = 6 dagars inndraging
- 12 prikkar = 7 dagars inndraging

Det kan tildelast frå ein til åtte prikkar etter grad på lovbro, jamf. [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 10-3:](#)

Administrasjonen handsamar og gjer vedtak om prikktildeling inntil 12 prikkar. Utover 12 prikkar gir levekårsutvalet tilråding til kommunestyret. Forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak gjeld.

Løyvehavar skal i samband med vedtaket orienterast om moglege konsekvensar i høve ytterlegare prikktildeling. Klageinstans er fylkesmannen.

Mynde til å fatte vedtak om tildeling av prikkar ligg i utgangspunktet til kommunestyret. Saker med prikktildeling med meir enn 12 prikkar vert lagt fram for kommunestyret. Prikktildeling på inntil 12 prikkar er delegert til administrasjonen, og prikktildeling inntil 12 prikkar med skjerpande omstende (jf. forskrift §10-4) er delegert til levekårsutvalet. Levekårsutvalet handsamar også klagesaker med inntil 12 prikkar (med Statsforvaltaren som siste instans).